

## Saksprotokoll i finansutvalet - 02.03.2021

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Finansutvalet tek orienteringane om dei sektorvise utgreiingane til vitande, med unntak av utgreiinga under «Mobilitet og kollektiv» om «Redusert ruteproduksjon». Som eit generelt punkt er dette feil signal å sende når fylket er del av miljøløftet. Målet må vere å sikre at ruteproduksjonen kan gjerast meir effektiv og behovstilpassa, og at dette kan ivaretakast gjennom endringar i rutestruktur og ruteproduksjon, samt oppfølging av verbalpunkt.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Rekneskapsresultat 2020 Vestland
  - Økonomiske verknadar av Korona
2. Finansutvalet godkjenner forslaget til årshjul for budsjettprosessen i 2021.  
Finansutvalet tek orientering om involvering av hovudutvala i budsjettprosessen til vitande.
3. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Økonomiplan 2022- 2025 og endra budsjettbehov
  - Saldering økonomiplan
  - Investeringsbudsjett 2022- 2025
4. Finansutvalet tek orienteringa om arbeidet med å koplø økonomiplan og utviklingsplan til vitande.
5. Finansutvalet tek statusmeldinga vedkomande vidareutvikling av klimabudsjett til vitande
6. Finansutvalet tek orienteringa om arbeidet med det administrative innsparingsprogrammet til vitande.
7. Finansutvalet tek orienteringane om dei sektorvise utgreiingane til vitande.
8. Finansutvalet tek orientering om neste møte i finansutvalet til vitande.
9. Finansutvalet tek orienteringane om dei sektorvise utgreiingane til vitande, med unntak av utgreiinga under «Mobilitet og kollektiv» om «Redusert ruteproduksjon». Som eit generelt punkt er dette feil signal å sende når fylket er del av miljøløftet. Målet må vere å sikre at ruteproduksjonen kan gjerast meir effektiv og behovstilpassa, og at dette kan ivaretakast gjennom endringar i rutestruktur og ruteproduksjon, samt oppfølging av verbalpunkt